NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

SUNNDAL KOMMUNE
Postboks 94
6601 SUNNDALSØRA

Vår dato: 14.04.2026
Vår ref.: 202607375-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 22/01459-28

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande, 22959545, ojs@nve.no

NVE sin uttale til høyring av framlegg til endring av reguleringsplan for Grødalen etter forenkla prosess i Sunndal kommune

Vi viser til brev datert 20.03.2026. Saka gjeld høyring av framlegg til endring av reguleringsplan etter forenkla prosess for Grødalen i Sunndal kommune. Føremålet med planarbeidet er å regulere plass for garasje til trakkemaskin og toalett på etablert parkeringsareal.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVE sin uttale

Gjeldande reguleringsplan vart vedteken 22.06.2011. NVE har medverka i plansaka og gitt uttale til fleire endringar av planen.

Planlagt endring omfattar eit tillegg i føresegnene § 2.2 som opnar for oppføring av garasjebygg med toalett på eksisterande parkeringsareal. I høyringsbrevet for aktuell endring er det vist til ROS-analyse i planomtalen som er datert 14.05.2011.

Ved endring av reguleringsplan gjeld dei same krav som ved utarbeiding av ny plan, jf. pbl. § 12-14 første ledd. Kravet til ROS-analyse og avklaring av reell fare gjeld difor også ved endring av reguleringsplan. NVE gjer merksam på at aktsemdkart for flaum og skred og andre forhold kan vere endra etter 2011. NVE rår Sunndal kommune til å oppdatere ROS-analysen for planendringa med relevant kunnskapsgrunnlag.

Fare for flaum og skred i bratt terreng

Planlagt tiltak ligg i aktsemdområde for flaum og snøskred, jf. NVE Atlas. Det kjem ikkje eintydig fram av planomtalen datert 14.05.2011 kva vurderingar som er gjort for det aktuelle området. NVE rår til at det blir gjort vurderingar på om tryggleiken for planlagt tiltak oppfyller tryggleikskrava mot flaum og skred i byggteknisk forskrift (TEK17) §§ 7-2 og 7-3.

Meir informasjon
De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, https://www.nve.no/arealplanlegging/. Vår uttale i saka er nødvendigvis ikkje uttømmande. Dersom de har spørsmål, eller det er noko i denne uttalen som er uklart, kan de ta kontakt pr. telefon eller e-post.

Meld inn naturfareutgreiingar
Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: Meld inn naturfareutredninger - NVE.

Kommunen sitt ansvar
NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt nødvendig omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd, uttale, eller motsegn til saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
SUNNDAL KOMMUNE

Kopimottakarar: